




# Aurland Kommune

Rådmannen

FINANSDEPARTEMENTET  
Postboks 8008 Dep.  
0030 OSLO



Aurland, 07.09.2004

Arkivkode:  
203 &13

Dykkar ref.:

Arkivnr. Vår ref. :  
04/00470-4

Sakshandsamar. :  
Ingrid Gunnarskog

Telefon. :  
57 63 29 50

## NOU 2004: 12 - Høyringsuttale " Skal Staten overta ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen"

Innstilling frå administrasjonen v/ rådmannen.


Saka skal opp i formannskapet 05.10.04. Eventuelle merknader vil bli ettersendt.

**Aurland kommune sin uttale.**

1. Aurland kommune meiner skatteinnkrevjinga framleis må vera ei kommunal oppgåve. Erfaringane med skatteinnkrevjing som ei kommunal oppgåve er svært positive. Omsynet til innbyggjarane sin rettstryggleik, folkevalt innsyn og kontroll, og ikkje minst det gode resultatet med innkrevjing av skattekrav, tilseier at kommunane framleis må ha ansvaret for organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen. Samarbeid på tvers av kommunegrensene- t.d. gjennom interkommunalt samarbeid kan med fordel utviklast vidare.
2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Norge er god. Men det er likevel viktig at kommunane ser på ulike forbetringstiltak som kan gjera innkrevjinga endå betre. Det kan gjennomførast innafør ramma av kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.
3. Aurland kommune meiner statleggjing av tenesta vil få negative konsekvensar for kommunen, og ikkje minst for brukarane. Skatteinnkrevjing er kommunikasjon - dialog mellom skattytar og innkrevjar. Større avstand til kontoret, mindre lokalkunnskap og ulike sakshandsamarar vil føra til meir frustrasjon blant enkelte skattytarar. I neste omgang kan det føra til at den totale skatteinngangen blir mindre. Kommunal organisering er publikumsvennleg - enkel tilgang til tenesta.  
**Staten – sentralisering – fjernt.**  
**Kommunen- lokal – nært.**
4. Synergieffekten mellom skatteinnkrevjing og innkrevjing av kommunale avgifter- og eigedomsskatt er også eit viktig moment, som talar for kommunal organisering. Kommunen vil dermed oppretthalda eit fagleg- og godt etablert innkrevjingsnivå.

Med helsing

Aurland Kommune



Postadresse:  
Rådhuset

5745 AURLAND

Telefon: 57 63 29 00  
Telefaks: 57 63 29 01

E-post: post@aurland.kommune.no

Bankgiro: 3745.07.00046  
Konto skatt: 7855.05.14213  
Org.nr: 964 968 063